



Sveio kommune

23.02.2023

Framlegg til ny Temaplan for idrett og fysisk aktivitet 2023- 2027

Sveio kommune

Liknes, Marit Persen
SVEIO KOMMUNE



Forord:

Fysisk aktivitet er ei kjelde til helse og livskvalitet. Tilrettelegging for idrett og friluftsliv er ein sentral oppgåve for Sveio kommune og eit viktig virkemiddel i det førebyggjande helsearbeidet.

Kulturdepartementet stiller krav om at kommunane skal utarbeide ein plan for idrett og fysisk aktivitet som grunnlag for tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Temaplan for idrett og fysisk aktivitet 2023-2027 byggjer vidare på Temaplan for idrett og fysisk aktivitet 2016-2020, der planperioden vart forlenga ut 2022 og etter søknad gitt utsatt frist for ferdigstilling til 30.06.2023.

Den kommunale planen for idrett og fysisk aktivitet skal vera eit styringsverktøy og medverke til ein gjennomtenkt og planlagt satsing på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. Den skal vere realistisk med omsyn til økonomi og gjere greie for behov. Prioritert handlingsprogram for idrett og friluftsliv, er grunnlag for tildeling av spelemidlar til anleggsutbygging.

Idrettslag og andre frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor og verdifull innsats i det førebyggjande helsearbeidet i kommunen. Gjennom utbygging av idrettsanlegg og aktivitetstilbod, som fremmer idrett og fysisk aktivitet.

Planen skal gje gode rammar for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i tida som kjem.

Idrettslag og andre frivillige lag og organisasjonar gjer ein stor og verdifull innsats for det førebyggjande helsearbeidet i kommunen. Gjennom utbygging av idrettsanlegg og aktivitetstilbod, fremmer idrett fysisk aktivitet.

Fysisk og sosial aktivitet fremmer god folkehelse!

Sveio 22.02.2023

Marit Persen Liknes

Rådgevar kultur og idrett



Forord	side 1
Innhald	side 2-3
1. Innleiing	side 4
1.1 Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet	side 5
1.2 Forholdet til andre kommunale planar	side 5
1.3 Organisering av planprosess og medverknad	side 5-6
2. Utviklingstrekk i kommunen	side 6-7
3. Statleg idretts- og friluftslivspolitik	side 7
3.1 Statleg idrettspolitik	side 7
3.2 Idretten sin eigenverdi og nytteverdi	side 7
3.3 Statleg friluftslivspolitik	side 8
3.4 Folkehelselova	side 8
4. Idretts- og friluftslivspolitik i Sveio kommune	side 9
4.1 Prioriterte målgrupper	side 9
4.2 Prioriterte anleggsgrupper	side 9-10
4.3 Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar	side 11
4.4 Satsing på friluftsliv	side 12-13
4.5 Folkehelse i kommunen	side 13-14
4.6 SLT-arbeid kommunen	side 15-16
4.7 Fysisk aktivitet – barnetrinnet	side 16
4.8 Fysisk aktivitet – ungdomstrinnet	side 16
4.9 Fysisk aktivitet og eldre/seniorar	side 17
5. Mål og strategiar	side 17
5.1 Sveio kommune sin visjon	side 17-18
5.2 Målsettingar	side 18-20
6. Resultatvurdering av gjeldande plan	side 20
6.1 Temaplan for idrett og fysisk aktivitet 2015-2019	side 20
7. Status for Sveio kommune	side 20
7.1 Idrettslag	side 20-21
7.2 Organisasjonar innan friluftsliv og naturopplevingar	side 22
7.3 Anleggssituasjonen i Sveio kommune	side 22
8. Vurdering av aktivitet og framtidige behov	side 23
8.1 Treningsvanar i befolkninga nasjonalt	side 23-26
8.2 Treningsvanar i befolkninga i Sveio kommune	side 26
8.3 Anlegg og aktivitet i Sveio kommune	side 26
8.4 Spørjeundersøking blant barn og ungdom i Sveio kommune	side 26-27
9. Oppsummering	side 28-29



Sveio kommune

10. Prioritert handlingsprogram for idrett og friluftsliv 2023
Sveio kommune (vedlegg 1)

11. Oversyn over tildelte spelemidler i planperioden 2016-2011 (vedlegg 2)

INNLEIING

Krava til kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet og søknad om spelemidler til anleggsutbygging, er nedfelt i følgjande rettleiarar:

- «Veileder for kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» (fjerde utgave 2014, Kulturdepartementet)
- «Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2022» (Kulturdepartementet)

Revidering av *Temaplan for idrett og fysisk aktivitet i Sveio kommune*, ligg inne i «Kommunal planstrategi for Sveio kommune 2020-2023, og blei vedteke av kommunestyret 15.06.202 i sak KOM 067/20. Planen skal reviderast kvart fjerde år etter krava til kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet, medan handlingsdelen skal rullerast kvart år i forbindelse med prioritering av spelemiddelsøknadar. Føringsane i temaplan er også inkludert i samfunnsdelen i Kommunelplan for Sveio kommune.

Kulturlova frå 2007 slår fast at offentlege styresmakter skal legge til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at det er mogleg for alle å delta i kulturaktivitetar og oppleve eit mangfald av kulturuttrykk. Eit vilkår for dette er, at kulturell verksemd får gode og trygge rammer.

Folkehelselova frå 2011 pålegg kommunane å fremje folkehelse og sjå til at folkehelsa blir tatt omsyn til i all planlegging. Folkehelseperspektivet er, derfor viktig i kommunal planlegging av idrett og fysisk aktivitet.

1.1 Kommunal plan for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, som det blir søkt om spelemidler til, skal vere innarbeida i ein kommunal plan. I Bestemmelser om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet – 2021 står det:

«Det er et vilkår for å kunne søke om spillemidler at anlegget er en del av en vedtatt kommunal plan som omfatter idrett og fysisk aktivitet.»

Formålet med planen er at den skal danne grunnlaget for ei planlagt og målstyrt utvikling i utbygging av anlegg og aktivitet. Anleggsutbygginga skal forankrast i behovsvurderingar og planen skal bidra til å unngå at prioriteringar blir gjort ut frå kortsiktige behov og særinteresser.

Planen skal beskrive prioriterte målgrupper og legge føringsar for anleggsutbygginga i kommunen. Temaplanen er retningsgjevande for utbygging, rehabilitering og drift av nærmiljø-, idretts- og friluftslivsanlegg i planperioden.

1.2 Forholdet til andre kommunale planar

Plan for idrett og fysisk aktivitet er ein tematisk plan utan juridisk bindande verknad, når det gjeld disponering av areal. Dei arealvurderingane som er gjort i planen må på bakgrunn av dette tas inn i arealdelen av kommuneplanen for å få rettsleg verknad.

Realisering av prosjekta i planen er avhengig av tildeling av spelemidler, privat innsats og av kommunen sine løyvingar. Dei økonomiske rammevilkåra for prosjekt i planen, blir lagt fram i forbindelse med behandling av budsjett og økonomiplan i kommunen.

Samfunnsdelen i kommuneplanen legg sentrale føringar gjennom overordna mål og strategiar, som er av betydning for innhaldet i denne planen.

Sveio kommune reviderer kvart år *Prioritert handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet*, der mål for gjennomføring av prosjekt dei kommande åra er ført opp. Måla for arbeidet bør settast opp på bakgrunn av dei behova som blir omtalte i *Temaplan for idrett og fysisk aktivitet*.

Sveio kommune har også ein plan for folkehelsearbeid. Denne planen blir rullert kvart år for å nå måla i samarbeidsavtalen med Vestland fylkeskommune. Her er planlagde tiltak omtalt, med opplysingar om kven som er ansvarleg for gjennomføring av tiltak, saman med planlagt starttidspunkt for dei ulike tiltaka.

1.3 Organisering av planprosessen og medverknad

Det blir stilt ulike krav til planprosess og organisering, avhengig av om planen skal reviderast eller rullerast:

Rullering:

Med rullering meiner ein mindre vesentlege endringar av handlingsprogrammet. Rullering av handlingsprogrammet skal gjerast årleg innanfor planperioden og handsamst politisk.

Revidering:

Med revidering av planen meiner ein fullstendig handsaming av heile planen, med sluttbehandling i kommunestyret. Revidering av planen skal gjerast kvart fjerde år, eller ved vesentlege endringar.

Kommunestyret i Sveio vedtok i 04.04.2022 sak KOM 035/22 revisjon av temaplan for idrett og fysisk aktivitet. Start av planarbeidet vart kunngjort på kommunen si heimeside og på Facebook første veka i april 2022. Følgjande har fått skriftleg melding med varsel om planarbeidet:

- Sveio idrettsråd
- Sveio golfpark
- Sveio orienteringslag
- Sveio ungdomsråd

- Kommunale verksemder; skuler, folkehelsekoordinator, SLT-koordinator, plan- og driftsavdeling
- Sveio eldreråd
- Rådet for funksjonshemma i Sveio
- Vestland fylkeskommune
- Friluftsrådet Vest

For å sikre aktiv medverknad frå barn og unge i Sveio, er det gjennomført ei spørjeundersøking på skulane i kommunen våren 2022. Denne kartla kva nærmiljøanlegg og idrettsanlegg born og unge bruker i dag, og kva anlegg dei ønsker i framtida.

Planen bygger elles på tidlegare plan, politiske vedtak, innspel og tilbakemeldingar som er kome inn under vegs i prosessen.

2. UTVIKLINGSTREKK I KOMMUNEN

Folketalet i Sveio kommune er 5798 (SSB per 4. kvartal 2021), med følgjande aldersfordeling:

		År	2021								
Alder		alle	0-17	15-24	25-44	45-64	65-74	75-79	80	90	100
Geografi	Måltall	aldre	år	år	år	år	år	år	år +	år +	år +
Sveio	antall	5 798	1 414	710	1 459	1 385	657	170	224	45	2
	andel (prosent)	100,0	24,4	12,2	25,2	23,9	11,3	2,9	3,9	0,8	0,0

Figur: Befolkning (antall og andel) kjønn samla i Sveio kommune pr 1. januar 2022.
Kjelde FHI.

FHI sine tal om befolkningsframskriving reknar at det i 2030 kommer til å vere 6 107 innbyggjarar i Sveio kommune, medan det i 2050 vil vere 6 635.

		Årstall	2025	2030	2035	2040	2045	2050
Geografi	Alder							
Sveio	alle aldre	5 917	6 107	6 278	6 438	6 560	6 635	
	0-24 år	1 833	1 753	1 693	1 680	1 700	1 719	
	0-17 år	1 342	1 234	1 204	1 257	1 297	1 296	
	25-44 år	1 467	1 457	1 491	1 507	1 472	1 424	
	45-64 år	1 437	1 574	1 606	1 616	1 625	1 606	
	65-74 år	678	631	673	744	782	819	
	75-79 år	244	328	294	288	336	362	
	80 år+	258	364	521	603	645	705	

Figur: Befolkningsframskriving (antall og andel) kjønn samla i Sveio kommune pr 1. januar 2022.
Kjelde FHI.

Talet på unge mellom 0-17 går ned frå 1 342 (2025) til 1 295 (2050), medan talet på eldre frå 65 år – 80+ stig frå 1150 (2025) til 1886 i (2050). Talet på personar i Sveio i alderen 25 år – 64 år, går frå 2904 (2025) til 3030 (2050).

Kommunen er prega av store areal med skog, fjell og vatn, og har ein liten befolkning i forhold til areal. Befolkninga bur også sprett i kommunen med 4 hovudområder: Valestrand, Førde, Sveio og Vikse.

3. STATLEG IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK

Det overordna målet for statleg idrettspolitikkk kan samanfattast i visjonen «Idrett og fysisk aktivitet for alle».

3.1 Statleg idrettspolitikkk

Statleg idrettspolitikkk er nedfelt i St. melding nr 26 (2011-2012) «Den norske idrettsmodellen» og Bestemmelser om tilskudd til anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Det er kulturdepartementet som har ansvaret for oppfølging av den statlege idrettspolitikken. Eit viktig verkemiddel er tilrettelegging for anleggsutbygging gjennom tilskot frå spelemidlane.

Med idrett meiner ein i denne samanheng trening og konkurranseverksemd i den organiserte idretten. Fysisk aktivitet refererer til den eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktiviteten. I tillegg er det eit mål å stimulere til fysisk aktivitet i form av friluftsliv.

Statleg idrettspolitikkk retter seg særskilt mot:

- * born (6-12 år)
- * ungdom (13 – 19 år)
- * personar med nedsett funksjonsevne
- * inaktive

3.2 Idretten sin eigenverdi og nytteverdi

Kulturdepartementet seier i St. meld 39 (2006-2007) «Frivillighet for alle» om idretten si betydning og omfang, og at idretten både har ein eigenverdi og ein nytteverdi.

Nasjonale råd for fysisk aktivitet:

- * 30 minutt dagleg fysisk aktivitet med moderat til høg intensitet for vaksne.
- * 60 minutt dagleg fysisk aktivitet med moderat til høg intensitet for barn og unge.

Idretten sin *eigenverdi*:

«Med idrettens egenverdi menes gjerne den opplevelsen som idrettsaktivitet gir, som glede, mestring og det å holde seg i form. Samtidig utøves aktivitetene innen den organiserte idretten som oftest i samkvem med andre, og lokale idrettslag har en viktig funksjon i å skape sosiale fellesskap, trygge oppvekstmiljø og levende lokalsamfunn».

Idretten sin nytteverdi:

«Idretten har også en nytteverdi gjennom helsefremmende effekter av at befolkningen driver idrett. Forskning og erfaring viser at det er en god sammenheng mellom det å være i god fysisk form og det å utvikle psykisk helse og sosiale ferdigheter. I tillegg er frivillige organisasjoner viktige arenaer for meningsdannelse og kunnskapsformidling, og bidrar til samfunnsmessig mangfold. Som landets største bevegelse er idretten en betydelig bidragsyter i så måte».

Det er ikkje eit klart skilje mellom idretten sin eigenverdi og nytteverdi. At idrett fremmer hele og gode oppvekstvilkår har stor betydning for den enkelte og for samfunnet elles.

Fleire undersøkingar støtter opp om at barn og unge som driv tilrettelagt idrett slik at borna opplever mestring har:

- Eit meir positivt sjølvbilete
- Betre sjølvtilitt
- Er meir sosialt tilpasningsdyktige overfor jevnaldrende og samfunnet og vaksne
- Gjer det betre på skulen

3.3 Statleg friluftspolitikk

Miljøverndepartementet har det formelle ansvaret for utforminga av den statlege politikken for friluftsliv.

Målet med Friluftslova er å verne friluftslivets naturgrunnlag og sikre alle fri ferdsel og opphald i naturen. Dette for å sikra at det er mogleg å få utøve friluftsliv, for å ivareta helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenleg fritidsaktivitet. Naturopplevingane er eit karaktertrekk som skil friluftsliv frå andre fritidsaktivitetar. Oppleving er ein subjektiv verdi, som er vanskeleg å måle, men som er viktig og bidrar til auka livskvalitet.

Det er eit mål for den statlege friluftspolitikken at det skal vere mogleg for barn og unge å utvikle ferdigheiter i friluftsliv. Det blir elles referert til St. meld. 18 (2015-2016) «*Friluftsliv. Natur som kilde til helse og livskvalitet*».

3.4 Folkehelselova

Folkehelselova (av 1. januar 2012) seier noko om korleis ein skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statleg mynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal leggje til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

§ 1. Formålet med folkehelseloven er å bidra til at samfunnsutvikling som fremmer folkehelse, herunder utjevne sosiale helseforskjeller.

4 IDRETTS- OG FRILUFTSPOLITIKK I SVEIO KOMMUNE

Fysisk aktivitet er viktig i det førebyggjande helsearbeidet og som helsefremjande tiltak. Det er også viktig som trivselsfremjande tiltak og for rekreasjon. Dette gjeld for alle innbyggjarane kommunen, uavhengig av alder. Idrett og fysisk aktivitet er viktig som fritidsaktivitet blant barn og unge.

Sveio kommune har som prinsipp at barn og ungdom skal kunne nytte kommunale gymsalar, idrettshall og utandørs idrettsanlegg gratis til treningsaktivitet.

For å vere med å sikre idrettslaga sin økonomi, set Sveio kommune årleg av kr 471 000 i budsjettet til driftsmidlar for lag/organisasjonar og til aktivitetsfremjande tiltak. Tilskotsordningane opnar m.a. for at idrettslaga kan få dekkja inn delar av sine utgifter. Sveio kommune har vedlikehaldsansvar og driftsansvar for idrettshallen i Vigdartun. Årleg driftskostnad for anlegget var i 2022 omlag kr 400 0000 (kultur) og kr 300 000 (driftsavdelinga). Kunstgrasbana blir vedlikehalde av Sveio golfpark, som blir betalt for denne tenesta frå kommunen sitt driftsbudsjett. Årleg kostnad for denne tenesta er omlag kr 250 000.

Sveio kommune skal vere ein aktiv part i arbeidet med å søkje om midlar som bidrar til auke i tilrettelegging for fysisk aktivitet, og skal mellom annan bidra i arbeid som sikrar tildeling av spelemidlar.

Sveio kommune vil elles følgje statlege og fylkeskommunale føringar i sin anleggspolitikk.

4.1 Prioriterte målgrupper


Sjølv om målet for statleg idrettspolitikk er «idrett og fysisk aktivitet for alle», skal barn og ungdom stå i sentrum for kommunen sitt engasjement. Kommunen skal også leggje til rette for personar med nedsett funksjonsevne og satse på å få fleire inaktive i aktivitet. Anleggsutbygginga i kommunen bør særleg gje prioritet til desse gruppene sine behov.

Barn og ungdom er prioritert målgruppe i kommunen si satsing på tilrettelegging for idrett og fysisk aktivitet i planperioden. Kommunen vil gjennom sin idrettspolitikk leggje til rette for å vidareutvikle gode oppvekstmiljø for barn og ungdom i kommunen, der dei får tilbod om varierte aktivitetar tilpassa barn og ungdom sine behov og ønsker om variasjon, utfordring og meistring i sine lokalmiljø.

Eldre og menneske med nedsett funksjonsevne skal ha moglegheit til å delta i idrett og fysisk aktivitet ut frå sine ønsker og føresetnadar. Universell utforming av anlegg er viktig for å kunne tilby idrett og fysisk aktivitet for alle grupper i befolkninga.

Kommunen skal leggje til rette for at inaktive kjem i aktivitet. Lågterskeltilbod og nærmiljøanlegg vil vere viktige for denne gruppa. Å skape trivelege møteplassar for den

eldre delen av befolkninga er viktig. Attraktive nærmiljøanlegg som samtidig legg til rette for fysisk aktivitet, kan vere gode sosiale arenaer.



Figur 2: Graf som viser helsegevinst ved auke aktivitet (Kjelde: Helsedirektoratet)

Helsedirektoratet sin graf viser kor stor helsegevinst ein får ved å auke aktiviteten frå inaktiv, til middels aktivitet og til høg grad av aktivitet. Grafen viser at den største helsegevinsten finn ein ved at inaktive aukar aktiviteten til middels aktivitet. Derfor er det viktig å leggje til rette for at inaktive kjem i moderat aktivitet.

Sveio kommune vil leggje til rette for ein anleggsutbygging som spelar behova til dei prioriterte gruppene.

Utfordringa i ein kommune med store areal, men med liten og spreidd befolkning, er å kunne gje befolkninga varierte arenaer for idrett og fysisk aktivitet når kommunen ikkje har økonomi til å bygge og drifte alle typar aktivitetsarenaer. Større anlegg for idrett og fysisk aktivitet er kostbare å bygge og drifte. Derfor bør ein vedlikehalde kommunen sine eksisterande bygg og anlegg godt og satse på at større anlegg for idrett og fysisk aktivitet, som blir planlagde å bygge, skal vere til bruk for mange.

I tillegg er det ein gevinst i å prioritere nærmiljøanlegg, sidan desse legg til rett for eigenorganisert aktivitet i bu- og/ eller aktivitetsområder. Nærmiljøanlegg skal vere allment tilgjengelege for eigenorganisert fysisk aktivitet for alle, og berre unntaksvis vere knytt opp

til organisert idrettsaktivitet. Anlegga er primært for barn og ungdom (6-19 år), men bør også planleggast slik at den vaksne og eldre delen lokalbefolkninga kan ha glede av dei. Anten det er for å drive fysisk aktivitet eller ved å setje opp bord og benker nær anlegget slik at området kan fungere som ein sosial møteplass.

I ein liten kommune som Sveio, må ein ha eit nøkternt ambisjonsnivå for kor mange idretts- og nærmiljøanlegg ein kan bygge eller rehabiliterer i planperioden.


4.2 Prioriterte anleggstyper:

1. Vedlikehald/rehabilitering av eksisterande anlegg
2. Nærmiljøanlegg
3. Fleirbruksanlegg

4.3 Samarbeid med frivillige lag og organisasjonar

Frivillige lag og organisasjonar i kommune gjer ein solid innsats med tilrettelegging av aktivitet for barn og unge. Dette arbeidet er ein særskilt viktig samfunnsressurs. Norges idrettsforbund har ein modell for berekning, som seier noko om kor stor verdi det frivillige arbeidet har i reine pengar: medlemstal x 0,016= talet på årsverk

Verdien av frivillig arbeid knytt til berre til aktiviteten i idrettslaga i Sveio kommune, viser ei verdiskaping på opp mot 8 mill. kroner pr. år:



*(SSB statistikk, gjennomsnittslønn 2021 «alle næringer»)

Kommunen skal ha eit godt samarbeid med idrettslag og andre frivillige lag og organisasjonar i tilrettelegging av idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

Kommunen har samarbeid med idretten gjennom Sveio idrettsråd. I saker som har eit idrettspolitisk innhald, til dømes prinsipp for prioritering av søknadar om spelemidlar, tildeling av driftsmidlar, innspel til temaplan o.l., er det vanleg praksis at idrettslaga får uttale seg gjennom idrettsrådet. I løpet av planperioden skal samarbeidsavtalen mellom Sveio idrettsråd og Sveio kommune reviderast og fornyast.

4.4 Satsing på friluftsliv

Sveio kommune skal legge til rette for aktiv bruk av naturen og friluftslivet i kommunen.

Sveio kommune har ein lang sjøline på omlag 30 mil, eit mangfald av små og store vatn, og mykje urørt natur som utgjer eit fantastisk naturareal. Den rike naturen gjer det mogleg å drive med fiske, jakt, turgåing, padling med kajakk og kano store delar av året. Vinterstid kan ein vere heldig å få seg ein skitur i Sveio golfpark i preparerte løyper, om det kjem nok snø.

Mesteparten av friluftslivet skjer i uorganiserte former, og områder for friluftsliv på alle nivå er lett tilgjengelege i heile kommunen.

Ei av dei mest populære friluftstiltaka i Sveio kommune er dagsturhyttene. Dei to dagsturhyttene, Golfståvo i Sveio golfpark og Nipaståvo ved stien mot Emberlandsnipen, er populære turmål. TellTur er eit særst populært turregistreringssystem, med nye omlag 10 nye turmål kvart år. TellTur er eit tiltak alle dei 12 medlemskommunane i Friluftsrådet Vest samarbeider om. Sveio golfpark var det best besøkte turmålet, medan Nipaståvo hadde nest flest besøk i 2022.



Dagsturhytta Golståvo i Sveio golfpark

Frilager vart etablert av Friluftsrådet Vest med tilskot frå kommunane på Haugalandet i 2021, der det er mogleg å få leige utstyr for friluftsliv til låg kostnad. På Mjelkeneset ved Vigdartun er det m.a. utstyrlager for kano/årar og vestar. På Oppheim i Vindafjord kan ein leige ski/skisko og stavar.

Ei anna utstyrsordning blir administrert av *Frivilligsentralen i Sveio kommune*, som har ordninga *Skattkammer*. Deira visjonen er at det skal vere mogleg for barn og unge å ha ein aktiv kvardag utan ein prislapp som ekskluderer frå deltaking. *Skattkammeret* tilbyr gratis utlån av sports- og fritidsutstyr, både til sommar og vinteraktivitet.


Ved å legge til rette for at friluftaktivitet blir lett tilgjengeleg for innbyggerane våre på alle nivå og i ulike former, vil det kunne bidra til auka fysisk aktivitet blant innbyggerane i kommunen. Eit viktig satsingsområde er å gjere områder tilgjengelege, slik at terskelen for å bruke naturen blir senka og at det blir enklare å vere fysisk aktiv, sommar og vinter.

4.5 Folkehelse i kommunen

Etter ein lang periode med til dels sterk vekst i folketalet i Sveio kommune, ser vi at folketalet har stabilisert seg. I 2021 hadde kommunen jamvel ein liten nedgang i folketalet. Dette kjem etter at Sveio kommune i mange år har hatt den største prosentvise veksten i folketalet på Haugalandet. Når folketalet held seg om lag på same nivå over tid, fører det med seg at gjennomsnittsalderen blir høgare år for år.

Som det går fram av tabellen, for framskriven folkemengde, vil den sterke veksten koma i åra rett etter slutten på perioden planen skal gjelda for. Frå 2026 vil dei store etterkrigsskulla, «fredsborna», fylla 80 år. Det er særst viktig at vi kan leggja til rettes for at desse ibuarane kan halde seg fysisk aktive ut frå eigen føresetnadar. Dei rette grepa må bli tekne før 2026.

12882: Framskrevet folkemengde 1. januar, etter alder og år. Sveio, Hovedalternativet (MMMM).




Kilde: Statistisk sentralbyrå

I den motsette enden av aldersskalaen vil vi sjå ein annan utvikling (figur ovanfor) SSB har slike prognosar for barne- og ungdomsgruppene. Som det går fram av diagrammet, tilseier prognosen at talet på ibuarar i grunnskulealder vil bli redusert med om lag 200 personar dei neste tolv åra.

Om vi ser på det totale talet for førskuleborn i åra 2012 til 2022, ser vi at det tydelege kom i 2016, altså i etterkant av «oljenedturen» som starta i 2014.



07459: Befolkning, etter år. Sveio, 0-5 år, Personer.



Kilde: Statistisk sentralbyrå

Tilgjengeleg statistikk frå SBB syner altså at dei store endringane i demografien ikkje er noko som høyrer framtida til. Sveio kommune er, sjølv etter mange år med sterk vekst, på veg mot ei framtid med langt fleire eldre og lang færre born og unge. Dette vil måtte ha innverknad på kommunen sine prioriteringar.

Folkehelseprofilen frå 2022, som vart handsama av kommunestyret 4. april 2022, syner at kommunen skårar signifikant dårlegare enn fylket og landet på nokre få, men viktige indikatorar:

- * indikator 20: nøgd med lokalmiljøet, Ungdata 2019
- * indikator 32: hjarte- og karsjukdom
- * indikator 33: tjukk- og endetarmskreft, nye tilfelle


I tillegg syner folkehelseprofilen at kommunen framleis ligg høgt med omsyn til overvekt og fedme på sesjon, fire prosentpoeng over både fylket og landet. Kommunen ligg og, som det går fram av indikator 32, høgt med omsyn til hjarte- og karsjukdomar. Både desse indikatorane kan seia noko om fysisk inaktivitet og usunt kosthald.

Sett ut frå eit folkehelseperspektiv og med fokus på barn og unge sine oppvekstvilkår, er det særskilt viktig at gjeldande plan byggjer på tilgjengeleg faktakunnskap og svarer opp dei utfordringane kommunen vil måta framover, på ein realistisk måte.

Lett tilgjengelege tilbod for uorganisert aktivitet i nærmiljøet er med på å stimulera til fysisk aktivitet for menneske i alle aldrar. Aktivitetsområde som kan appellera til fleire generasjonar, vil bli viktigare og viktigare i takt med den demografiske utviklinga. Gode og attraktive tilbod i nærmiljøet kan og vera med på å motverke fysisk inaktivitet som følgjer av for mykje skjermtid blant barn og unge.


(Innspel frå Folkehelsekoordinator/barnerepresentant etter plan- og bygningslova)

4.6 SLT-arbeid i kommunen (Samordning av Lokale rus og kriminalitetsforebyggjande tiltak)



Ungdata, 2021 Vestland fylke

I Vestland er det gjort ei kartlegging av haldningar til bruk av dopingmidlar. Spørsmålet som vart stilt var: Synest du det er greitt at nokon bruker ulovlege dopingmidlar....



Svar av 8.662, 8.644 og 8640 deltakarar. Datamaterialet er basert på ungdomsundersøking gjennomført av NOVA i samarbeid med de regionale kompetansesentrene for rusfeltet (KoRus).

Risikofaktorar for å starte med doping for ungdom er (ref. Antidoping Norge):

- kroppsmisnøye – lågt sjølvbilete
- ønska auke i muskelmasse
- personlege normar
- Antatt bruk av andre og oppfatta toleranse i samfunnet
- Livskriser
- Låg meistringstru – motstå press, oppnå resultat naturleg
- overdriven bruk av kosttilskot

Miljøfaktorar:

- få kunnskapskjelder
- «alle bruker»
- låg indre justis

Kartlegging Antidoping Norge har gjort viser samanheng mellom bruk av doping og hjelp frå sosiale instansar, som t.d. oppfølgingsteneste, helsesøster, BUP, utekontakt, PP-teneste, sosialkontor og barnevern. Talet på personar som hadde brukt og dei som ikkje hadde brukt AAS (AAS-preparat Anabole androgene steroider), var skilnadane signifikante når det gjaldt hjelp frå helsesøster. For dei personane som nytta AAS var talet høgare for bruk av spesielt ppt-teneste, BUP og barnevern.

Det er viktig at Sveio kommune er eit lokalsamfunn som fremmer rein trening og eit dopingfritt samfunn; rein skule, ein elev, rein trening og rein idrettslag. Det er viktig å vere bevisst på at antidopingarbeid ikkje berre er relevant for idretten. Førebygging og kunnskap i skular og treningsentre, er med på å skape eit helsefremjande miljø og lokalsamfunn.

4.7 Fysisk aktivitet – barnetrinnet

Innspelet til ny temaplan frå elevrådet ved Sveio skule inneheld m.a. tilbakemelding på kva idrettsanlegg barn og unge bruker i dag. Desse anlegga er kunstgrasbana, grasbana, sandvolleyballbana, idrettshallen, symjebassenget på Sveio skule, rideskulen på Tjernagel, turnhallen og ishallen i Haugesund, motorcrossanlegg, skytebane, og Tysværtunet (symjebasseng/klatrevegg og buldrearlegg).

Når elevrådet vart spurt om kva nærmiljøanlegg dei bruker, svara dei at dei i stor grad nytta uteområda på skulane, ballbinge, basketbana på Saltveit og paintballanlegget på Vikse.

Nye anlegg barnetrinnet ønsker seg er innandørs fotballhall, bmx-bane, klatrepark og symjebasseng med sklier.

4.8 Fysisk aktivitet – ungdomstrinnet

Elevrådet ved Sveio skule har i si tilbakemelding til temaplan meldt inn at dei i stor grad nyttar kunstgrasbana, Sveio golfpark og uteområda på skulane, Haraldshallen og Haugalandshallen i Haugesund, Vigdartun (idrettshall og klatrevegg). Av nærmiljøanlegg dei bruker er uteområda på skulane, ballbingane på Rophus og Lid, basketkorger og noko

utdatert utstyr i Sveiåsen.

Nye anlegg ungdomstrinnet ønsker seg er basketballbane ved Sveio skule, basseng (både innan- og utandørs), innandørs fotballbane, handballbane, hall som er høgare under taket (Sveio drill), større hall som opnar for fleire aktiviteter på kveldstid, minigolf og skøytehall. Dei melder også om at det er ønske om å få bygd eit lite skur til å ha ballar i ute (som kan nyttast kva tid som helst).

4.9 Fysisk aktivitet og eldre/seniorar

Eldrerådet i Sveio kommune peiker i sitt innspel til ny Temaplan for idrett og fysisk aktivitet på framskriven befolkning fram mot 2040. Dei peiker på at det er viktig med riktig tilrettelegging for gruppa «yngre eldre», som vil ha ein topp rundt 2030. I tillegg viser dei til at dei eldre stadig vil halde seg friske lenger og vil kunne komme til å vere meir sjølvhjelpete med riktig motivasjon.

Senioruniversitetet har i sitt innspel til plan peika på at det er viktig med satsing på aktivitetstilbod i krinsane, dersom tilboda skal nå mange. Turar eller trim, som fysisk aktivitet, saman med ein kopp kaffi og enkel mat gjev uforpliktande men viktige møteplasser. Å sikre eit godt transporttilbod for at dei som vil nyte meir sentrale tilbod, kan bruke desse, blir peika på som ein viktig faktor for å få aktivitet.

5. MÅL OG STRATEGIAR

I kulturdepartementet sin rettleiar for «Kommunal planlegging for idrett og fysisk aktivitet» heiter det at måla for kommunen sin idrettspolitikkk skal vere formulert på ein måte som underbygger dei statlege og fylkeskommunale føringane for området, og bygger på lokale behov.

5.1 Sveio kommune sin visjon



I visjonen ligg det at kommunen gjennom sin politikk skal gjere strategiske val, som m.a. sikrar gode bumiljø, gode grøntområde og tilgang til friluftsliv. I dette ligg m.a. å gje idretten gode rammevilkår og sørge for eigenorganiserte trenings- og mosjonsaktivitetar.

Sveio kommune skal jobbe for at alle, uavhengig av alder, økonomi, sosial situasjon eller fysiske føresetnader skal kunne delta i idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv.

I prosjektet «Nyskapande aktivitetsanlegg» tek ein sikte på å leggje til rette for framtidige behov for fysisk og sosial aktivitet i Sveio kommune. Utvikling av prosjektet er basert på kunnskap om t.d. folkehelseutfordringar, demografiske endringar og ungdatabasundersøking, kartlegging av aktivitetar innbyggjarane saknar og utfordringar med å nytte eksisterande aktivitetar m.m.

Visjon for arbeidet med «Nyskapande aktivitetsanlegg» byggjer på Sveio kommune sin visjon og lyder:



5.2 Målsettingar

I planperioden 2023 – 2026 har Sveio kommune følgjande målsetting for satsinga på idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv:

HOVUDMÅL 1
Utvikle gode og stimulerande oppvekstmiljø for barn og unge i Sveio kommune
Tiltak og verkemidlar: <ul style="list-style-type: none">• Kommunen skal gjennom anleggsutbygging, legge til rette for eit stimulerande oppvekstmiljø med kultur og idrett som viktige arena for barn og ungdom• Sikre gode rammevilkår for idretten og auke satsinga på idrett for ungdom• Vidare satsing på utbygging av nærmiljøanlegg i tilknytning til skular, bustadområder og idrettsanlegg i kommunen• Fortsatt gratis treningstid for barn og ungdom i alderen 6-19 år i gymsalar og idrettshall• Ved utarbeiding av kommunedelplanar og reguleringsplanar, skal det innarbeidast areal for leik, idrett og fysisk aktivitet som ein del av bumiljøet



HOVUDMÅL 2

Rehabilitering av eldre ordinære idrettsanlegg for aktiviteter med stor tilslutning av barn og unge

Tiltak og verkemidler:

- Kommunen skal leggje til rette for rehabilitering av eksisterande anlegg slik at ein forlenger brukstida på anlegga

HOVUDMÅL 3

Stimulere inaktive til å komme i aktivitet

Tiltak og verkemidler:

- Arbeide fram aktivitetstiltak som kan nå ut til fleire i eit samarbeid mellom kommune, lag, organisasjonar, skular og barnehagar
- Heve statusen til den fysiske kvardagsaktiviteten
- Etablere lågterskeltilbod og nærmiljøanlegg for eigenorganisert aktivitet i tilknytning til buområder, skular og/eller idrettsanlegg
- Opprettehalde eksisterande tilbod som t.d. TellTur, Frilager og Skattkammeret har

HOVUDMÅL 4

Legge til rette for at det blir mogleg for personar med nedsett funksjonshemming å vere med i idrett og fysisk aktivitet i eksisterande og planlagde anlegg

Tiltak og verkemiddel:

- universell utforming av nye anlegg og ved større rehabilitering av eksisterande anlegg
- eksisterande anlegg skal i størst mogleg grad leggje til rette for funksjonshemma

HOVUDMÅL 5

Stimulere til auka bruk av friluftsliv som fysisk aktivitet

Tiltak og verkemidler:

- legge forholda til rette for utøving av organisert og eigenorganisert friluftsliv for alle som førebyggjande helseaktivitet
- gjere det mogleg for barn og ungdom å utvikle ferdigheiter i friluftsliv
- ha brei informasjon om moglege turar i heile kommunen
- fortsetje med årlege turar i TellTur sjå til at turstiar er godt merka
- kartlegge friluftslivets ferdselsårar for å vidareutvikle turstinett
- delta i Vestland fylkeskommune om utarbeiding av padlekart med leder og ruter
- stimulere skular og barnehagar til trivsels- og helsefremmande uteaktivitet både innanfor eigne områder og i nærmiljøet

HOVUDMÅL 6

Eit god samarbeid mellom lag/organisasjonar og kommunen om utbygging og drift av anlegg

Tiltak og verkemidlar:

- sikre god kommunikasjon mellom kommunen og lag/organisasjonar om planer for bygging, vedlikehald og drift av anlegg
- Kommunen skal vere ein aktivt støttespelar og rådgjevar for lag/organisasjonar som planlegg bygging av drift av anlegg

6. RESULTATVURDERING AV GJELDANDE PLAN

6.1. Temaplan for idrett og fysisk aktivitet 2016-2020

Planen skal vere eit styringsverktøy for utbygging og etablering av anlegg, det vere seg anlegg som blir bygde i regi av frivillige eller kommunen sjølv. Særleg handlingsdelen av planen, prioritert handlingsprogram, bør nyttast aktivt. Handlingsdelen av planen har vore rullert årleg i planperioden, med vedtak i kommunestyret.

Oversyn over tildelte spelemidlar i planperioden 2016-2011, sjå vedlegg 1.

7. STATUS FOR SVEIO KOMMUNE

Dei fleste tiltak som fell innanfor idrett og fysisk aktivitet i kommunen er særforbund i Norges idrettsforbund. I forbundet er både Sveio golfpark, idrettslaga og Sveio o-lag organisert. Barnas Turlag er organisert i Den norske turistforening, medan Sveio turlag er eit frittstående sjølvstendig lokallag utan organisatorisk tilknytning.

7.1 Idrettslag

oversikt over idrettslaga i Sveio kommune:

Idrettslag	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26+ år	Sum	Totalt
	Kvinner/ /menn	Kvinner/ menn	Kvinner/ menn	Kvinner/ menn	Kvinner/ menn		
Sveio IL, fotball	0 0	29 94	25 13	0 4	7 27	61 138	199
Sveio IL, friidrett	0 0	19 22	0 0	0 0	0 24	19 46	65
Sveio IL, handball	0 0	31 2	3 0	0 0	3 1	37 3	40
Sveio IL, styrkeløft	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0

Sveio IL, Volleyball	0 0	9 19	26 28	2 1	6 11	43 59	102
Auklandshamn IL, fotball	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0
Valestrand IL, friidrett	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0
Valestrand IL, Friidrett	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0
Sveio karateklubb	1 0	17 13	3 1	5 2	0 5	26 21	47
Sveio o-lag	1 2	0 4	3 4	4 3	33 35	41 48	89
Tjernagel rideklubb	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0 0	0
Sum	2	259	106	21	152		542

*Av dei 542 aktive i organisert idrett er 227 kvinner og 315 menn.

Klubbar som har idrettsaktivitet og er medlemmar i særforbund tilslutta Norges idrettsforbund, men som ikkje er heimehøyrande i Sveio kommune:

Haugaland golfklubb, heimebane i Sveio golfpark:

775 medlemmar, 112 kvinner og 663 menn.

Aldersfordeling: 19 (6-12 år), 41 (13-19 år), 67 (20-25 år), 450 (26+ år), der 128 busette i Sveio kommune.

I desse tala inngår alle medlemmar uavhengig av alder.

Haugesund og Sveio skyttarlag, heimebane på Kalland i Haugesund kommune.

100 av klubben sine medlemmar er busett i Sveio kommun, dei fleste er jegerar.

Haugaland klatrelag, hovudanlegg Haugalandsveggen i Haugesund.

Før pandemien nytta laget klatreveggen i Vigdartun, men har ikkje greidd å få i gang aktivitet der etterpå. Interesse for klatring er der, men det manglar nøkkelpersonar med riktig kompetanse som ønsker å ta ansvar.

Klubben har 34 medlemmar med adresse Sveio; 0-10 år 3 stk., 10-15 år 6 stk., 15-25 år 10 stk. og over 25 år 15 stk.

Haugesund svømmeklubb, hovudaktiviteten i Haugesund, men noko aktivitet i bassenget ved Sveio skule.

Klubben har i dei siste åra har hatt symjeopplæringskurs for ca 40-50 born.

Samla er talet på organiserte i idrettsaktivitet i Sveio kommune 804 personar. Av eit folketal på 5775, viser tala at det er omlag 14% av befolkninga som er organisert i fysisk aktivitet i kommunen.

7.2 Organisasjonar innanfor friluft og naturopplevingar

Oversikt over organisasjonar innanfor friluft og naturopplevingar:

- Barnas turlag
- Sveio o-lag
- Sveio turlag
- Sveio båtforening
- Sveio jeger- og fiskeforening
- Førdespeidarane
- Buaspeidarane

7.3 Anleggssituasjonen i Sveio kommune

Anleggssituasjonen i kommunen er generelt god. Rundt om i Sveio er det både nærmiljøanlegg, inkludert friluftslivsanlegg, som gjer at innbyggjarar kan drive med allsidig fysisk aktivitet. Dei største anlegga er samla i området rundt Sveio skule og sentralidrettsanlegget på Sveio. Nokre av anlegga er kostnadskrevjande å bygge og drifte, t.d. kunstgrasbane og idrettshall. Den desentraliserte anleggsutbygginga er i tråd med vilkåra for å få spelemidlar, der det blir lagt vekt på å bygge aktivitetsanlegg nær der born og ungdom bur og går på skule.

Mange av anlegga i kommunen er i kommunal eige. Ein del av desse anlegga er bygde på privat initiativ, men seinare overdratt til kommunen for å bli drifta. Det er to årsaker til dette;


- a) kommunen har stått som søkjar, for at utbyggarar har kunne nytte meirverdiavgiftskompensasjonen kommunen får på investeringa, som kommunalt tilskot og
- b) mange av anlegga ligg på skuleområda og det har vore i kommunen si interesse at aktivitetsområda på skulane har vore bygde ut.

8 VURDERING AV AKTIVITET OG FRAMTIDIGE BEHOV

8.1 Treningsvanar i befolkninga nasjonalt

I følgje Levekårsundersøkinga 2016 opplyser 83% av befolkninga i alderen 16 år eller eldre at dei trener minst ein gong i veka. Samanlikna med tidlegare målingar er aktivitetsnivået i befolkninga klart høgare enn før. I 2001 var det 66% som trente kvar veke, medan dette talet var auka til 73% i 2004 og 2007. Berre 5% trener eller mosjonerer aldri. Denne andelen er meir enn halvert sidan 2001. Dette er i tråd med undersøkingar om helse, som viser at nordmenn sine levevanar blir stadig betre.


Figur 1. Andel av befolkningen 16 år og eldre som trener eller mosjonerer, etter hyppighet



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Som tidlegare er unge meir aktive enn eldre. 80% av personane i aldersgruppa 16 – 66 år trener kvar veke, medan det i aldersgruppa over 67 år er 75% som trener kvar veke. Andelen som aldri mosjonerer ligg mellom 2-5% i aldersgruppa 16-66 år og 12% i den eldste aldersgruppa.

Figur 2. Andel av befolkning 16 år eller eldre som trener eller mosjonerer, etter hyppighet og alder. 2016



Kilde: Statistisk sentralbyrå.


Prosent

Styrketrening aukar mest og færre går på ski.

Raske turar er den mest utbreidde forma for mosjon i befolkninga som eit heile. 73% opplyser at dei har gått raske turar i løpet av dei siste 12 månadane. Andre vanlege aktivitetar er styrketrening (40%), jogging (39%) og andre utandørsaktivitetar som sykling (36%) og langrenn (35%). Styrketrening er den aktiviteten som aukar mest over tid. Om lag 40% hadde drive med styrketrening i 2013 og 2016, medan 24% opplyste at dei dreiv med dette i 2004. Jogging har også blitt meir utbreidt i same periode.

Sjølv om sykling og langrenn er populære aktivitetar, er andelen som har drive med dette mindre enn det har vore tidlegare. Medan 35% opplyste å ha gått på skitur i 2016, var andelen 44% i 2004. Andelen som har vore på sykkelstur varierte mellom 36 og 47% i perioden 2004-2016, men viser ikkje systematisk nedgang. Ulike vêrtilhøve frå år til år kan vere ein viktig faktor som verker på andelen som driv med slike utandørsaktivitetar.

Figur 3. Andel av befolkningen 16 år og eldre som har drevet med ulike aktiviteter siste 12 mnd., etter type aktivitet



Kilde: Statistisk sentralbyrå.

Kvinner og menn trener omlag like mykje, men det er forskjellar i type treningsaktivitet. Menn driv oftare enn kvinner med ballspel, medan kvinner oftare enn menn driv med dans, aerobic, yoga eller liknande. Unge menn er den gruppa som er mest aktive innanfor ballspel og lagidrett. Eit unntak er handball, der unge kvinner er meir aktive enn menn.

Det er små forskjellar i andelen som trener eller mosjonerer kvar veke, når ein ser på kor folk er busette. Ein noko større andel trener kvar veke i tettstader med meir enn 100 000 innbyggjarar enn i mindre sentrale strøk. Det er relativ liten forskjell i aktivitetsnivå mellom landsdelar, med det er i Trøndelag ein finn den største andelen som trener kvar veke.

Det er klar samanheng mellom utdanningsnivå og fysisk aktivitet. Medan 90% av dei som har utdanning frå universitet- og høgskulenivå trener kvar veke, gjeld det same for 75% av dei som har utdanning på grunnskulenivå. Det er også forskjellar i fysisk aktivitet etter sjølvdefinert økonomisk status. (Ein person sin eigen oppfatning av sin viktigaste aktivitet på tidspunktet for intervju, for eksempel yrkesaktivitet, studiar eller liknande.) Det er flest studentar og yrkesaktive som trener kvar veke, medan det er flest som aldri trener eller

mosjonerer blant uføre og pensjonistar. Samtidig er aktivitetsnivået høgt også i desse gruppene: 76% av pensjonistane og 70% av uføre mosjonerer minst ein gong pr. veke.

Som følgje av auke i eigenorganisert fysisk aktivitet, aukar brukar av anleggstyper som turstiar, treningsentre, lysløyper og vektstyrketrom. Dette er anlegg som er opne og lett tilgjengelege for individuell bruk, og som legg til rette for aktivitet utanfor idrettslaga. Den auka bruken av mosjonsanlegg har funne stad i alle aldersgrupper, medan auken har vore størt i dei eldste aldersgruppene. Anlegg for organisert trening er framleis viktig for born og ungdom.

8.2 Treningsvanar i befolkninga i Sveio kommune

I Folkehelseprofilen for Sveio kommune 2020, er andelen av ungdomsskuleelevar som opplyser om at dei er lite fysisk aktive eller sveitt ein gong i veka, ikkje signifikant forskjellig frå landnivået. Tala er henta frå Ungdata-undersøkinga. For hele befolkninga er andelen lite fysisk aktive lik. 14% av befolkninga opplyste om at dei var lite fysisk aktive i 2017. og talet for Sveio låg likt.

8.3 Anlegg og aktivitet i Sveio kommune

Det er 78 registrerte nærmiljøanlegg og 43 ordinære idrettsanlegg i Sveio kommune. I handlingsprogram for idrett og fysisk aktivitet – Sveio kommune 2023 står det oppført 19 nærmiljøanlegg og 17 ordinære idrettsanlegg. Nokre av desse anlegga er realiserte, men eit stort fleirtal er under planlegging og venter på å få tildelt spelemidlar.

Kommunen har sidan 2006 planlagt å byggje eit symjeanlegg, som skal erstatte det eksisterande bassenget på 12.5mx8.5m bygd i 1972 ved Sveio skule. Eit symjeanlegg er eit viktig anlegg, spesielt for born og ungdom som får symjeopplæringa si i eigen kommunen som ein del av skuleundervisninga. I tillegg vil eit nytt symjeanlegg vere eit viktig supplement i tilbod til fysisk aktivitet for befolkninga elles i Sveio. Med referanse til SBB sine tal på kva aktivitet som ligg høgt, er symjing eit tilbod som blir nytta av sær mange for å halde seg i god form.

For tida er det ein idrettshall i Sveio kommune, men idrettslaga arbeider med å få realisert fleire anlegg for innandørs idrett. Det er mellom annan meld inn ønske for å få bygd innandørsanlegg for fotball, dobbel volleyballhall, aktivitetshallar for dans og karate.

Idrettslaga i Sveio kommune står for ein god del av det organiserte tilbodet til fysisk aktivitet for kommunen sine innbyggjarar. Som nemnt i kap. 7, Status for Sveio kommune, er det 6 idrettslag med til saman 542 aktive medlemmar i kommunen.

8.4 Spørjeundersøking blant barn og ungdom i Sveio kommune

I forbindelse med utarbeiding av plan var skuleelevane (barne- og ungdomsskulen) spurde om kva anlegg dei bruker i fritida og kva anlegg dei ser behov for og ønsker seg i framtida.


Ungdomstrinnet på Sveio skule svarte at kunstgrasbana, idrettsbana, sandvolleyballbana, Vigdartun (idrettshall og klatrevegg), Sambrukshuset, Albatross, Sveio Golfpark, ballbingar, basketkorgar blir nytta av dei. I tillegg melde dei at Haraldshallen og Haugalandshallen (klatrevegg) i Haugesund ble brukt.

Barneskulen svarte at dei nytta mange av dei same anlegga, men at dei i tillegg nytta symjebassenget på Sveio skule, rideskulen på Tjernagel, Tysværtunet, motorcrossanlegg, skytebane, turnhallen og ishallen i Haugesund, ballbingar, basketbana på Saltveit og paintballanlegg på Vikse.

På spørsmål om kva anlegg dei same gruppene sakna i Sveio, svarte elevane på ungdomstrinnet at dei ønsker at dei i framtida skal få tilbod om innandørs fotballhall, bmx-bane, klatrepark og symjebasseng med sklier. Elevane i barneskulen melde ønske om å få:

- basketballbane ved Sveio skule
- basseng (både innandørs og utandørs)
- innandørs fotballbane og handballbane
- hall med større høgde under taket (drill)
- større hall som gjer det mogleg å drive med fleire aktivitetar på kveldstid
- minigolf
- eit lite skur til å ha ballar ute som kan brukast kva tid som helst
- skøytehall.

For å kunne bruke anlegg og ulike aktivitetar fritt peiker barnetrinnet på behov for fleire bussavgangar, både til Sveio men også til Haugesund.



Framtidas aktivitetsanlegg, som også inkluderer sosiale møteplasser (Ill. Bornholm idræts & kultursenter)-

9.0 OPPSUMMERING

Med referanse i informasjon og dokumentasjon som ligg føre, bør eit framtidig fokus liggje på:

- a) anlegg og aktivitet for den vaksne og eldre delen av befolkninga og på rehabilitering
- b) vedlikehald i eksisterande bygg og anlegg for idrett og friluftsliv

Den demografiske utviklinga viser at Sveio kommune om få over vil få ein solid fleirtal av vaksne og/ eller eldre. Ut frå eit folkehelseperspektiv og av økonomiske omsyn, er det viktig både for kvar enkelt og for Sveio kommune, at befolkninga er i fysisk aktivitet, held seg friske lengst mogleg, har gode liv der ei kan bu heime og i det lengste har minimale behov for kommunal tenesteyting.

Sveio kommune har eit godt differensiert tilbod om anlegg for idrett og friluftsliv i forhold til folketalet. Ein del av anlegga har, og vil få, behov for vedlikehald og oppgradering. Ein ser likevel at det kan vere aktuelt med etablering av nye tilbod for å få eit større mangfald av aktivitet, slik at fleire kan finne nettopp sin aktivitet som gjer dei glede og ønske om å vere fysisk aktive i kvardagen.

Erfaring viser at det er eit stort fråfall i idretten i ungdomsåra; jo høgare alder, dess større fråfall. Forsking viser at årsakene til fråfall er samansett; meir kritisk sjølvbilete, meir vare for andre sine meiningar og at ein ikkje blir tatt ut når laget skal toppast, meir behov for tid til lekser osv. Stimuleringstiltak for å få hindre fråfall i eksisterande aktivitet bør vurderast, der det m.a. bør leggest til rette for at dei som ønsker det, kan halde fram med å vere i aktiviteten og få behalde denne som sosial møteplass og arena for fysisk aktivitet, utan konkurranseaspekt.

Også fysisk aktivitet er styrt av trendar. I framtida vil det vere behov for å møte desse gjennom å etablere attraktive nærmiljøanlegg for born og ungdom, for å gje gode tilbod. Det er viktig å ha fokus på geografisk spreining på nærmiljøanlegg som blir bygde, slik at flest mogleg kan få tilbod om å vere i fysisk aktivitet nært der dei bur og oppheld seg i det daglege, i tråd med vilkåra for å få spelemlidar til nærmiljøanlegg.

Dei framtidige behova i Sveio kommune vil vere følgjande (ikkje i prioritert rekkjefølgje):

* arbeide med å gje Sveio karateklubb gode treningstilhøve i kommunal regi, slik at klubben blir likestilt med andre idrettslag i kommunen, som har tilbod om gratis treningsarena



- * realisere bygging av Nyskapande aktivitetsanlegg, som eit fleksibelt tilbod som er ope for trendar og endringar i samfunnet, og som gjev aktivitetsrom for inkludering og er ein sosial arena
- * rehabiliterer eksisterande anlegg, eksempelvis bytte dekke i ballbingar, rehabiliterer dekke på kunstgrasbana og i idrettshallen
- * bygge attraktive nærmiljøanlegg, som kan nyttast av alle aldersgrupper i nærleiken av bu- og opphaldsområde
- * etablere nye turstiar, og sørge for at eksisterande turstiar blir godt merka og god vedlikehalde
- * etablere ordningar gjennom å øymerke tilskot til lag som vil ta ansvar for å gje tilbod om open aktivitet i idrettshallen (allidrett)
- * etablere ordningar gjennom å øymerke tilskot til lag som vil innføre nye tiltak for å hindre fråfall i idretten blant ungdom, då særleg fråfall av jenter

Kva er fysisk aktivitet?

«Å bruke musklane i kroppen til å bevege seg, slik at man bruker meir energi enn når kroppen kviler»



Sveio kommune